

Forsvar og tryggleik, seks spørsmål til ni politiske parti i Rogaland

■ VALG 2017

Valet nærmar seg, og me som skal stemma, prøver å finna det partiet som me er mest einige med på det området som betyr mest for oss. Med vår bakgrunn i WILPF/IKFF, ein organisasjon som i over 100 år har arbeidd for ei fredelegare verd, er internasjonalt samarbeid og sikkerheit noko me er særleg opptekne av. Ei undersøking Norges Fredsråd har gjort, viser at 77 prosent av norske veljarar ønskjer at forsvars- og sikkerheitspolitikk blir diskutert i valkampen. Derfor sende IKFF/Sandnes desse spørsmåla til parti/listetoppar i Rogaland. Me takkar Ap, KrF, MDG, RØDT, Sp, SV og V for at dei svarte innanfor tidsfristen!

“ Me kan tenkja oss ei «sivil verneteneste» lagt til eit fredsdepartement, eit alternativ til den militære.

INGEGERD AUSTBØ
OG GRO ERIKSEN



■ Spørsmål 1: Korleis få ein meir open debatt om forsvar og sikkerheit?

Alle dei 7 partia som svarte på spørsmåla våre, ville gjerne ha ein opnare debatt, både i media og i Stortinget. Me syntest MDG sitt forslag om å gi forslagsrett for vanlege folk til å få saker opp i Stortinget, var interessant. MDG og SV vil at ope Storting skal vedta om Norge skal delta i væpna konfliktar. SV vil gjerne ha ein doktrine om når og kvis for ein skal gå til væpna konflikt. Dette vil sikra at Stortinget gjer gjennomtenkte vedtak. Alle vil ha ei større støtte i Stortinget for slike aksjonar, og KrF og MDG understreker at alt anna skal vera prøvd før valds bruk. Rødt og SV ønskjer diskusjon om eit alternativ til NATO-samarbeid og SV ønskjer meir nordisk samarbeid.

■ Spørsmål 2: Kva legg partiet uttrykket «Forsvars- og sikkerheitspolitikk», spesielt siste del av uttrykket?

Her var me spente på korleis partia tenkte. Dei var alle einige i at me måtte ha eit truverdig forsvar, men både KrF og MDG meiner at vald berre skal brukast når alt anna er prøvd, og MDG vil ha sivil, ikkje valdeleg innsats også etter ein konflikt. Begge desse nemner og at varig fredkrev at sosiale

og økonomiske problem først er løyste. Rødt, SV og MDG vil bare bruka Forsvaret vårt på norske område, ikkje i «out-of area». Sp og V byggjer på NATO, men vil ha godt norskforsvar.

Med tanke på sikkerheit har MDG og SV vore mest konkrete i sine forslag. MDG er tydelege på ikkjevaldsprinsippet, og meiner ikkjevald og dialog er gode reiskap til å dempa og løysa konfliktar. Begge desse partia meiner at Siviltenesta kan utviklast til å takla fleire sivile kriser. MDG meiner og at matsikkerheit må aukast gjennom betre sjølvforsyning. SV vil satsa meir på cyberforsvar og digital sikkerheit, sorgja for at kvinner og sivilsamfunnet deltar i fredsprosessar, og vil arbeida for fredeleg konfliktløsing og respekt for internasjonal rett. Ap har delt «Forsvar og utenriks» opp i fleire punkt som har med sikkerheit å gjera: Samfunssikkerhet og totalberedskap, fred og sikkerhet, internasjonalt samarbeid, rettigheter og humanitar bistand og migrasjon var noko me merka oss, men lite om korleis dei vil gjera dette. KrF meiner eit krisent parti pliktar å arbeida for fred og forsoning. Rødt meiner at avspenning mellom NATO og Russland er viktig. Me synst nok at mange av svara var meir retta mot korleis verda burde vera, enn kva partiet vil arbeida med framover.

■ Spørsmål 3: Kva vil partiet gjera for nedrusting, spesielt atomnedrusting.

Ap og KrF vil byggja nedrustinga på NPT-avtalen (ikkjespreiingsavtalen frå 80-talet), gjensidig og balansert atomnedrusting. Begge ønskjer og større kontroll med norsk våpensal, og at Norge får ei større rolle i atomvåpen-nedrustinga. KrF peikar på konsekvensen av bruk av atomvåpen på både menneske og miljø. Begge parti har langsiktig mål om forbod. V og MDG vil gjera Norge «til ein pådrivar», og R og SV er både flaua og skuffa over at Norge ikkje har vore med i det siste FN-arbeidet mot atomvåpen, noko Norge tok initiativ til i førre stortingsperiode. Sp vil og gi Norge «ei tydeleg rolle, men innanfor Nato». Ifølgje Fredrik S. Heffermel (Klassekampen første veke i aug.) kan ikkje Nato hindra Norge i å arbeida mot atomnedrusting. Haag-domstolen seier at alle medlemsland i NPT har plikt til å avskaffe atomvåpen! (1996) 7. juli stemte 122 land for FN-avtalen mot atomvåpen utan at Norge var med! Vil ei ny norsk regjering signera han, 20. september?

■ Spørsmål 4: Kva meiner partiet om kjøp av JFS-35 jagarfly?
Her ser vi ei todeling: Ap og Sp støtter kjøpet, KrF svarer ikkje direkte, men seier «det trengs

nye jagarfly». V ville bruka meir tid på kjøpet og heller styrka hæren og landmakta. MDG vil redusera kjøpet, Rødt er i mot fordi dei bind oss til NATOs «out-of area»-politikk og SV vil frysa bestillinga på det nivået Stortinget til nå har vedtatt.

■ Spørsmål 5: Korleis ser partiet på eit evt. norsk tilslutning til NATOs rakettskjold?

Alle partia er meir eller mindre skeptiske til dette. SV, Rødt og MDG er motstandarar. Rødt peikar på at dette er ein provokasjon mot Russland. Ap er skeptisk, – verda treng ikkje ei ny kapprusting. Sp er kritisk. V har ikkje teke stilling til dette. KrF vil vurdera det når regjeringsa legg fram forslag.

■ Spørsmål 6: Korleis stiller partiet seg til eit forslag om å oppretta eit eige Fredsdepartement ved sida av Forsvarsdepartement?

Dette er ein tanke IKFF har arbeidd med lenge. Me var derfor spente på svara. Det ser ut til å vera ein ny tanke for partia, og dei fleste avsier det. Ap meiner dagens ordning er god, der regjeringa bestemmer korleis arbeidet skal organiserast. Sp og KrF meiner dette bør vera UDs ansvar, men KrF vil ha eigen minister for utviklings-politikk. V meiner at ulike departement kan bidra på ulike måtar. Rødt

og SV har ikkje diskutert dette, men tykkjer det er ein god idé. MDG gir eit grundig og gjenomtenkt svar med forslag til kva eit slikt departement kunne innehalda. Dei nemner Sivilforsvaret, i tillegg til eksisterande aktivitetar som konfliktråd, mekling, freds- og konfliktforskning. I eit fredsdepartement vil ikkje-valdelege arbeidsformer få statleg tilrettelegging og meir tyngde. Dette vil vera itråd med MDGs verdiar. Men MDG presiserer at eit slikt departement ikkje står i programmet for neste stortingsperiode. Tankane MDG uttrykkjer, samsvarar i stor grad med IKFF sine tankar. Me kan også tenkja oss ei «sivil verneteneste» lagt til eit fredsdepartement, eit alternativ til den militære. Dessutan må ansvaret for opplæring i mekling og fredsundervisning i utdanninga ligga her. Dei unge må trenast i ulike måtar å løysa konfliktar på, og korleis ein kan hindra konfliktar i å oppstå.

Så håpar me at denne oversikten kan hjelpe fleire enn oss til å finna sitt parti. Godt val!

INGEGERD AUSTBØ
WILPF/IKFF, Sandnes-avdeling
GRO ERIKSEN
WILPF/IKFF, Sandnes-avdeling